

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1971

Navnet på vatnet Oltedalsvatnet
Kommune Gjesdal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogsekskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

O L T E D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foretken den 9. sept. 1971.

Vatnet ligg i Gjesdal kommune og grensar i sør for ein del etter riksvei 45 mellom Ålgård og Oltedal. På sørsida ligg Haugamork og Vølstadnutane i aust.

Arealet er omlag 450 ha. og h.o.h. 116 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetihøva vera vekslande. Her er store, meir grunnlendte partier, men sikkert og stader med eit vesentleg djup.

Stranda består for det meste av stein med noko fin sandstrand innimellom. Der er leirbotn over storparten av vatnet.

Vatnet er regulert og vass-standen kan ymse opptil ca. 16 m.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er, for skuld regulering, øyelagt. Ein vil såleis ikkje finna grøne planter i det heile i strandsona.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark og snaufjell. Her veks både barskog og lauvskog.

Hovudtilsiget fell inn i den søre delen og kjem frå Madlands-vatnet m. fl. Elles fell der inn større og mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord-aust og går om Ragsvatnet ut i Høgsfjorden.

Då vatnet er regulert, vil gjennomstrøyminga vera vekslande.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita ph er målt til 6.8 som reknast å vera nærast ideelt for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.8 mg/l. Vatnet må såleis karakteriserast som kalkfattig, men likevel relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 28.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat.

På 5,0 m vart det funne 10 fåbørstemark, 12 fjærmygglarver, 2 mygglarver, 1 vannkalv og 1 vannkalvlarve - i alt 260 individ pr. m^2 .

10,0 meteren gav som resultat 11 fåbørstemark, 7 fjærmygglarver, 4 vannmidd, 1 igle, 1 mygglarve og 2 muslingar - tilsaman 260 individ pr. m^2 .


Samla resultat syner at der er heller lite med botndyr i vatnet.

Vi skulle nå hatt mageprøver frå nokre aurar, men då dei aurane vi fekk var så sterkt infisert med måkemark, kunne ein vanskeleg tadesse prøvene.


Planktonprøver.

Fisk m.v.

Det vart sett ut 14 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 8 aurar og 61 sik. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framstillinga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av siken fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av dei fanga aurane og av desse var der 6 hanfiskar og 2 hofiskar.

3 var røde, 2 lys-røde og 3 kvite i kjøttet.

7 av fiskane var hardt angripne av parasittar (måkemark).

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for fisken vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	5.8	10.9	16.1	20.5	13.9
Årleg lengdetilvekst i cm	5.8	5.1	5.2	4.4	3.4
Antall fiskar	8	8	8	7	3

Medel kondisjonsfaktor = 1.08 tilseier fisk av bra kvalitet men det må tilføyast at det er måkemarken som forårsaker ein såpass god K-faktor.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Oltedalsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren i Oltedalsvatnet ein bra lengdetilvekst inntil 3 års alder, men her kuliminerar veksten og ved ca. 4 års alder blir normalkurven kryssa. Når veksten kuliminerar ved 3 års alder kan dette skuldast kjønnsmogning og gyting eller kanskje fisken ved denne alder tek til å bli så in-



fisert med måkemark at veksten går tilbake av den grunn.

Som bakgrunn for ein slik vekstkurve skulle vi hatt ca. 25-30 fiskar, så prøvematerialet vårt er i tynnaste laget, men ein viss peikepinn vil det jo gi.

Fisken ser ut til å gå mot ei maksimallengd på ca 26 cm.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva for aureproduksjon er for skuld regulering, vesentleg reduserte i Oltedalsvatnet. Ei viss mengd sik vil ein årleg likevel kunne hauste.

Når det gjeld regulerte vatn reint generelt, så er det ei kjent sak at desse vatna aldri på lengere sikt vil kunna oppnå den same produksjonen etter ei regulering, som før dei vart regulerte. Dette heng saman med, at strandsona vil vera meir eller mindre øyelagt, og det er nettop her, frå 0 m og ned til ca 10,0 m at den meste næringsdyrproduksjonen foregår i eit vatn. Då vass-standen vert heva og

senka vil ikkje næringsdyra kunne fylgje med og dei går etter kvart til grunne. Det same vil skje med vegetasjonen - dei grøne plantene forsvinn heilt, og vi får ei død strandzone.

Etter det folk kan fortelje, var der tidligere mykje røyrs i Oltedalsvatnet. Også denne ser ut til å ha kome bort, noko som kan skuldast at gytepllassane har vorte tørrelagte.

Under prøefisket vårt var der lite aure å få, så det kan vera at garna våre vart sett på stader der auren lite ferdast og såleis ikkje gir uttrykk for det aurebestandet som vatnet innheld.

Storparten av aurane var mykje angripne av måkemark.

Sik ser det ut til å vera bra med, så denne må ein kunna få gjort noko ut av. Som kjent lever siken for det meste av plankton-kreps og er ikkje så avhengig av botndyra som auren. Reguleringa vil fylgjeleg ikkje ha den same innverknad på sikproduksjonen som aureproduksjonen.

Det er helst om hausten at siken gyt, nokre stader om vinteren, og oftast i stilleståande vatn. Tilhøva for sikproduksjonen skulle vera relativt gode i Oltedalsvatnet.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Vidare må ein nyttiggjera seg siken i vatnet. I fleire vatn er sikfisket av økonomisk verdi og det skulle ein også tru det ville vera i Oltedalsvatnet. Det er eit stort fiskevætn det her er tale om, så det ville ikkje vera få kilo sik ein årleg skulle kunna ta ut. Sik er ein fullverdig matfisk, så om ikkje prisen på nokon måte tilsvrar auren, vil ein sikkert likevel kunna drive eit lønsamt fiske. Ein må lokalisere gyteplassene og drive eit hardt garnfiske på desse.

Aurebestandet er der vel ikkje så mykje å gjera med, men for å bremse litt på måkemarken, må ein alltid grave fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned slik at korkje husdyr (katt) eller fugl får tak i dette.

Tiltak utover det som her er peika på, vil ein for skuld regulering, vanskeleg kunna gjennomføre.

Stavanger 28/2 1972

Einar Berg